



«Mottakernavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Høyring av frivillig skogvern - Svanøya naturreservat i Kinn kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Svanøya naturreservat i Kinn kommune. Vi ber om høyringsinnspel for arealet som har ein storleik på 5218 dekar. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 15. februar 2024.

Tilbudsområdet på Svanøy er lokalisert på gards- og bruksnummer 113/1, 113/5, 113/22, 114/1, 116/1, 117/1, 117/7 og 117/10 i Kinn kommune. Arealet er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Miljødirektoratet eig også ein teig der det no er ein pågåande prosess med makeskifte.

Tilbudsområdet ligg på den store øya Svanøy i den midtre del av skjergarden, i den sørlege delen av Kinn kommune. Svanøy har ei rik historie. Det finst helleristningar på øya, og på 900-talet hadde Eirik Blodøks hovudsete her. Etter reformasjonen vart Svanøy krongods under kongen, og haugianarane brukte godset som hovudkvarter. I dag ligg kompetansesenteret Norsk Hjortesenter på øya.

### Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per januar 2023 var omlag 5,2 prosent av skogarealet og ca. 3,9 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har i overkant av 3 prosent skogvern i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

### Frivillig skogvern

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep



som fylgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre vestlandsnaturen for framtida.

Delar av Svanøy vart forsøkt verna tidlegare, og då landa prosessen i ein bruks- og verneplan i staden for vern etter naturvernlova. Dei siste åra har frivillig skogvern etter naturmangfaldlova vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ønskjer dette. Grunneigarane i disse aktuelle skogområda på Svanøy har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er Norskog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigar, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivareteke.

#### Verneverdiar på Svanøy

Svanøy har vore kartlagt fleire gonger gjennom tidene og skogen har alltid vore vurdert som ein biologisk «hotspot». Tilbudsarealet på Svanøy inkluderer 14 naturtypelokalitetar med m.a. fattig og rik boreonemoral regnskog, rik edellauvskog, gammalskog av både boreal barskog og lauvskog, låglands- og kystfuruskog, samt ein lokalitet av gamal svartorsumpskog. Det finst ikkje tilsvarende skog med kombinasjon av denne storleiken, alder, berggrunn, variasjon og klima på Vestlandet, noko det høge talet av sjeldne, sårbare og truga artar er levande bevis for.



*Figur 1 På Svanøy, populært kalla Sunnfjords perle, er vi i gang med frivillig skogvern på ein stor del av øya. På biletet kan ein sjå Kvalstadmyrene til høgre og Vågsfjellet om lag midt i biletet bak furutrea. Nordveggen av Vågsfjellet er særskild rik på raudlista artar. Foto: Stein Joar Hegland.*

Boreonemoral regnskog og rik edellauvskog er høgt prioriterte skogtyper å verne meir av i fylket vårt. Varmekjær kjeldelauvskog med svartor er svært sjeldan i fylket, men finnast innanfor



tilbudsområdet. Skogen er gjennomgående urørt og gamal, og det er stadvis mykje død ved. Ei rekke artar er registrert i området, og inkluderer den kritisk truga stiftpulselaven (CR), den sterkt truga stjernerurlav (EN), og mange andre artar på den norske raudlista. Sistnemnte lav har Svanøy som einaste levestad i Sogn og Fjordane, og er elles registrert i Sunnhordaland, i Storbritannia og Nord-Amerika. Norge har eit særleg forvaltingsansvar for fleire av disse artane og naturtypene, då meir enn 25 % av den enkelte art/naturtype har ei vesentleg del av si naturlege utbreiing i Noreg. Sjå nettsaka vår for vedlegga frå Skoganalyse for betre oversikt over alle registrerte artar innanfor tilbudsområdet.

Svanøy ligg i kjerneområdet for fattig boreonemoral regnskog, ei truga naturtype som Noreg har eit spesielt ansvar for. Tilbudsområda er i si heilskap lågtliggjande, dei grenser mot fjorden på fleire sider av øya og det høgaste punktet er Vågsfjellet på 235 moh. Ingen øyer mellom Bergen og Molde har liknande variert og rik skogdekning som Svanøy. Føremålet med naturreservatet vil vere å ta vare på denne trua, sjeldne og sårbare naturen for framtida.



*Figur 2 Det er registrert ulike naturtypar i skogen på Svanøy som til dømes varmekjær kjeldelauvskog, frisk rik edellauvskog, boreonemoral regnskog og gamal boreal barskog. Død ved er eit viktig element i skogen fordi så mange insekt, sopp og lav treng dette i livssyklusen sin. Då finn også hakkespettane mat, slik spora på biletet kan vitne om. Foto: Maria Knagenhjelm*

#### Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat i § 37 er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt på Svanøy.



### Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde eksisterande turstiar ved like. Det vil ikkje vere mogeleg å sanke ramslauk i eit framtidig naturreservat, slik det har vore noko aktivitet for tidlegare, men dei fleste vi har snakka med på Svanøy som plukkar fortel at dei plukkar ramslauk utanfor det vi foreslår som vernegrense.

### Brukarinteresser

#### Rekreasjon, friluftsliv og forskning

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Bålbrenning vil være lov med tørrkvist frå bakken eller med medbrakt ved i samsvar med gjeldande lowverk. Det er mange som nyttar seg av stinettverket på Svanøy når dei går på tur. Sidan det sjeldan er snø på Svanøy er stiane i bruk stort sett heile året. Fleire av stiane er merka og omtalt på Ut.no. Merking og rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar som ikkje er avmerkt på vernekartet kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar på eksisterande stiar. Det vil vere mogeleg å ri med hest og sykle på stiane som er avmerkt på vernekartet, men ikkje utanfor disse.



*Figur 3 I skogane på Svanøy er det 10 hegn slik som den på biletet. Disse vart sett opp for 23 år sidan og har medverka til fleire artiklar om vegetasjonsdynamikk i skog. Foto: Stein Joar Hegland.*



På Svanøy vart det vinteren 2000/01 sett opp 12 ulike forskingshegn, der 10 er i skogen og 2 er innanfor gjerdet til Norsk Hjortesenter. Føremålet med hegna er å halde hjorten utanfor, slik at ein kan forske på dynamikken i skogøkosystemet med ulik grad av beitepåverknad. Det har vore, og vil truleg vere ein god del forskingsaktivitet på Svanøy. Verneforskrifta opnar for dispensasjon dersom vilkåra er til stades for tiltak i samband med forskning og overvaking. Dette ville typisk vere frakt av material for å vedlikehalde hegna eller dersom det trengs innsamling av plantemateriale utanom bær.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Ein kan også søkje om dispensasjon til bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

#### Landbruk og kulturminne

Det er utstrekt beite frå klauvdyr, spesielt sau, i den vestlege delen av det foreslegne naturreservatet i dag. Det er også kyr, hest og geiter på øya som brukar beiteressursane, men disse er i hovudsak utanfor dei føreslegne vernegrensene. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehald. Forskrifta har opning for å kunne søkje om oppsetting av gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Det er på gang rydding av beite og oppsetting av gjerde utanfor det føreslegne verneområdet. Det er traktorvegar i randområda til det føreslegne naturreservatet. Det er gitt unntak frå forbodet mot motorferdsel for å frakte ut sjuke og skadde bufe, men varsel må bli gitt til ansvarleg oppsyn i forkant av slik køyring.

Det er registrert eitt kulturminne, Vardeneset, i form av ei gravrøys innanfor tilbodsområdet. Dette vil kunne bli sett i stand dersom det er aktuelt, i samråd med kulturminnestyresmaktene. Det kan vere fleire kulturminne enn det som er registrert i offisielle databasar. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser på Svanøy.

Fleire av grunneigarane har, i dialog med Statsforvaltaren, inkludert areal tilplanta med gran i tilbodsområdet. Grana er jamt over i ein spreingsfase og det er år om anna stor produksjon av kongler på trea. Fleire grunneigarar uttalar at dei ønskjer å fjerne gran og andre framande treslag frå Svanøy. Statsforvaltaren har inkludert granfeltet i utkastet til vernekart, slik at vi på sikt kan fjerne trugsmålå disse utgjer mot verneverdiane. Det vil vere direkte opning i forskrifta for å fjerne småtre av framande treslag. Dersom det er ønske frå grunneigarar eller andre om å ringbarke og/eller felle større tre av gran og framande treslag skal forvaltningsstyresmakta vurdere omfang, driftsmetode og liknande gjennom ein eventuell dispensasjon, jamfør framlegg til verneforskrift. Dette er for å sikre at tømmeret kan bli vurdert som ein ressurs, i tillegg kan driftsmetode bli vurdert for å minimere sårbarheit i terrenget og skjærme sårbare periodar for t.d. fugl. Statsforvaltaren ser eit stort potensial i å restaurere vesentlege areal på Svanøy ved å fjerne framande treslag og få fram stadeigen natur som kan utvikle seg naturleg. I eit slikt restaureringsprosjekt vil betydelege tømmerressursar av gran kunne bli hausta.

#### Jakt og sanking

Jakt, særleg på hjort, er ein stor del av næring og rekreasjon på Svanøy. Dette vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil være lov. Det er mange jakttårn innanfor det føreslegne naturreservatet. Disse vil kunne brukast som før, og haldast ved like. Dersom viltet endrar trekk vil det vere mogeleg å søkje om å flytte eksisterande jakttårn eller setje opp nye. Ein vil varsamt kunne rydde mindre mengde kvist i siktgater i samband med



storviltjakt i eit framtidig naturreservat. Med det meiner vi bruk av handmakt til å knekke vekk mindre kvist for å halde ved like siktelinjer.

Uttransport av felt storvilt med beltegåande terrengkøyretøy har verneforskrifta ei direkte opning for, så lenge det ikkje blir sett varige spor i terrenget. Det er rom for å søkje om dispensasjon for motorferdsel med andre terrenggåande køyretøy, som til dømes ATV eller traktor, i samband med uthenting av jaktutbytte. Det er vanleg å søkje om løyve for inntil fire år av gangen, og det blir vurdert kor stort marktrykket er i kvar enkelt søknad. Sjølv om det ikkje er lov å nytte hest utanom stiane markert på vernekartet vil ferdelsesreglane ikkje hindre bruk av hest for å kløvje ut felt hjort. Ein kan søkje om dispensasjon frå vernereglane for tiltak i samband med forvaltning av fisk og vilt. Sanking av bær, nøtter og matsopp vil kunne gå føre seg som tidlegare. Det vil ikkje vere mogeleg å hauste ramslauk eller pors i naturreservatet fordi all vegetasjon er verna og ramslauk er hamna på den nasjonale raudlista i kategorien nær truga (NT). Ramslauk er også vertsplante for andre raudlista artar. Sjå også omtale av ramslauk under avsnittet Konsekvensar av vernet.

#### Infrastruktur og mineralførekomstar

Det går ei 11 kV luftlinje i det føreslegne verneområdet nordvest for Kvalstadmyra, mellom Kletten og Sagevatnet. Linja AS er områdekonsesjonær i området. Linja AS skriv til oss etter oppstartsmeldinga at dei ikkje har planar om nye nettanlegg som vil komme i konflikt med skogvernet. Det skal vere mogeleg å halde anlegget i drift og ved like, jf. standardformuleringar om kraftlinjer i skogvernområde. Sjå meir om dette under avsnittet Innspel i verneprosessen.


På Storåsen er det ei mobilmast. Den er relativt nyleg sett opp, og det var eit vilkår frå lokalbefolkninga og grunneigarane at den skulle setjast opp for at igangsettinga av verneprosessen skulle bli realisert. Det vil vere mogeleg å drifte og halde denne ved like på same måte som med kraftleidningar.



*Figur 4 Storåsen i framgrunnen, der mobilmasta og granbestanden er synleg. Det austlege arealet av Svanøya naturreservat ligg på Austneset midt i biletet. Dei store, kvite bygningane nede til venstre er Svanøy hovedgård. Foto: Johan Trygve Solheim.*



Det er også spor av gammel gruveverksemd innanfor kandidatområdet. Det vil vere mogeleg å søkje om dispensasjon frå vernereglane for å sikre gruveopningar slik at disse ikkje treng å representere risiko for liv og helse for folk og husdyr. Det vil også vere mogeleg å søkje om dispensasjon for naudsynt miljøoppfølging.



Figur 5 Røde punkt er registrerte aktsemdspunkt, truleg gamle gruveopningar, på Svanøy. Den røde trekanten er den registrerte forekomsten av kopar. Lilla skravert areal syner delar av kandidatområdet for skogvern. Kjelde: <https://minit.dirmin.no/kart/>

Direktoratet for mineralforvaltning skriv i sitt innspel at det er ei registrert, men ikkje verdsett førekomst av kopar innanfor kandidatområdet. Kopar er, jf. Noregs mineralstrategi, vurdert til å ha strategisk verdi som råvare. Førekomsten ligg på Storåsen, sjå raud trekant i figur 5. Det er svært mangelfulle data på denne registreringa, og Statsforvaltaren har ikkje kompetanse på å vurdere drivverdigheita, storleiken, verdien eller om funnet er reelt. Det vil vere viktig for oss å få tilbakemelding frå kommunen og andre i høyringa på denne registreringa, og kva det eventuelt vil innebære å redusere kandidatområdet for skogvern til fordel for gruve drift på Storåsen. Vi vil måtte drøfte dette grundig når vi skal tilrå vern på Svanøy vinteren 2024 og ønskjer innspel.

#### Planstatus

Kandidatområdet for skogvern inkluderer ulike arealføremål i kommuneplanen sin arealdel. Nokre arealføremål er compatible med ein framtidig status som naturreservat, mens andre arealføremål ikkje er det. Kinn kommune er i gang med rullering av kommunens arealplan, og skriv at status på områda vil kunne bli endra. Både arealføremålet *naudsynte tiltak for landbruk og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gardens ressursgrunnlag* og omsynssone landbruk vil ikkje være samstemt med ein eventuell ny status som naturreservat. Vi ønskjer dialog med kommunen om dette. Meir om planstatus er under Innspel i verneprosessen, sjå under Kinn kommune.

#### Namn

Frå den tidlege dialogen med grunneigarane har vi nytta namnet *Svanøy* naturreservat som det potensielle namnet på verneområdet. Grunneigarane og lokalbefolkninga nyttar namnet Svanøy om



øya dei bur på. Til oppstartsmeldinga fekk vi innspel frå Språkrådet som tilrår oss å nytte namnet *Svanøya* naturreservat. Meir om dette under innspel i verneprosessen.

#### Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 29. september 2023. Innan fristen den 1. november fekk vi inn 8 innspel. Kinn kommune fekk utsett frist ei veke, etter førespurnad. Vi fekk innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning etter fristen, men har valt å inkludere alle innspel i det vidare arbeidet.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga, og tilrår oss å nytte namnet *Svanøya naturreservat*. I sentralt stadnamnregister er namnet på øya der det aktuelle verneområdet ligg registrert med skrivemåten *Svanøya* som prioritert form og *Svanøyna* som ikkje-prioritert form. Språkrådet skriv at gardsnummera til grunneigarane har gardsnamn Kvalstad (g.nr. 113), Grepland (g.nr 114), Erikstad (g.nr 116) og Svanøy (g.nr 117). Sistnemnte nyttar skrivemåten *Svanøy* som eineform. Språkrådet tilrår at øynamnforma *Svanøya* blir lagt til grunn for namnet på verneområdet og at namnet då bør vere *Svanøya naturreservat*.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi tek innspelet til etterretning og vil høyre namnet *Svanøya naturreservat* i prosessen vidare. Høyringa vil vise kva grunneigarar og andre meiner om namneframlegget.

Statnett sendte innspel til oppstartsmeldinga om dei ikkje blir påverka av vernearbeidet og derfor ikkje har merknadar.

Atle Asheim er hytteeigar på gards- og bruksnummer 113/19, ein tomt truleg skilt ut frå hovudbruket i 1989, ved Trædet, sørvest på Svanøy. Asheim fortel at han har hatt rett til å hogge ved til hytta si sidan han kjøpte hyttetomten. Veden har han hatt rett til å hogge på g. bnr. 113/5. Det var denne eigedommen som hyttetomten er skilt ut frå. Dette er også ein av eigedommane vi har meldt oppstart av verneprosess på. Fordi hytta er uisolert har han hatt behov for ein del ved, og hogget litt ulike treslag, bortsett frå kristtorn, til fyring. Asheim fortel at han har felt tre her og der (plukkhogst), og hogget slik at det har vore minst moglege synlege spor etter aktiviteten.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Atle Asheim tok kontakt med oss etter at oppstartsmeldinga for frivillig skogvern på Svanøy var offentleg kjent. Norskog undersøkte saka. Dersom Asheim framleis hadde hatt rett til å ta ut ved på gards- og bruksnummer 113/5 ville det potensielt kunne utløyse krav på erstatning, i og med at hogst ikkje er i tråd med frivillig skogvern. Norskog hadde dialog med Statens skogtakstkyndig, og fann ut, jf. servituttløven av 29.11.1968 § 12, 1. ledd, at retten til å ta ut ved er gyldig i 25 år: *Retten til å*





*taka trevirke til hushald eller gardsbruk må ikkje heftast på skog for lengre tid enn 25 år eller manns og kones levetid.* Retten som Asheim har hatt er såleis gått ut på dato og såleis ikkje relevant for skogvernprosessen.

NVE har sett gjennom oppstartsmeldinga og ber om at Linja AS uttalar seg i saka, også i tilfelle det ikkje er konflikt. NVE er positiv til at nesten alle standardformuleringane for nettanlegg er inkludert i verneforskrifta for skogvernområdet slik at drift, vedlikehald og oppgradering kan bli gjennomført. NVE peiker på at det manglar ein dispensasjonsregel i § 7 som opnar for oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4, og ber om at denne blir inkludert.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Linja AS fekk oppstartsmeldinga og har sendt innspel til oss. Vi vil inkludere standardformulering i § 7, og legg den inn i bokstav o) *oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.*

Linja AS skriv at dei har områdekonsesjonen i området og har ei 11 kV luftlinje i området mellom Kletten og Sagevatnet. Linja AS skriv at dei ikkje har planar om nye nettanlegg som vil komme i konflikt med verneområdet, men at det er viktig at drift, vedlikehald og oppgradering kan bli gjennomført på eksisterande anlegg. Linja AS ber om at standardformuleringa som opnar for oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell under § 4 blir lagt inn under § 7.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi vil inkludere standardformulering i § 7, og legg den inn i bokstav o) *oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.*

Kinn kommune skriv i innspelet til verneprosessen at kommunen er positiv til tiltaket og vil gje uttale når det kjem eit meir detaljert forslag i høyringa. Til oppstartsmeldinga vil kommunen gjere merksam på kva arealføremål som ligg i dei fire delområda som det no er meldt oppstart av verneprosess på, og sidan kommunen er i gang med rullering av gjeldande arealplan vil status på områda kunne bli endra.

For delområdet Marøya, nord på Svanøy, er arealet i dagens kommuneplan avsett til omsynssone *friluftsliv* i kommuneplanen med føremål *LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag*. Området Vågsfjellet er avsett til arealformål *LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag*. Det er og omsynssone *skredfare og friluftsliv*. I nordaust er det sikringssone *drikkevann*.

I området på Austneset er det avsett arealformål *LNFR areal for spredt boligfritids- eller næringsbebyggelse, mv og LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag*. Vest i området er det omsynssone *landbruk*.

I området lengst søraust, Strandbøåsen, er det område avsett til arealformål *Spredt næringsbebyggelse og idrettsanlegg* i tillegg til *LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag*. Der er og sikringssone *nedslag drikkevann og faresone skred og ras*. Nordvest i området er det omsynssone *landbruk*.

Kinn kommune gjer merksam på at utkastet til verneforskrift som låg ved oppstartsmeldinga ikkje er i samsvar med arealføremålet *naudsynnte tiltak for landbruk og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gardens ressursgrunnlag* eller omsynssone *landbruk*.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi set pris på innspelet frå Kinn kommune, og ønskjer dialog i høyringsperioden for å finne ei god løysing for alle partar. I møte med Kinn kommune sitt plan- og forvaltningsutval hausten 2021 informerte vi om skogverndialogen vi hadde på Svanøy, i lag med andre tema som marint vern og fjerning av framande treslag på mellom anna Silda. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå utvalet på arbeidet vårt i kommunen med vern og naturrestaurering og set pris på dialogen vi har med kommunen om vern og naturrestaurering.

Sjølve omgrepet frivillig skogvern skildrar ei ordning der staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv tilbyr skogen sin til vern. Grunneigarar kan trekke tilbodet sitt når som helst under arbeidet heilt fram til ei bindande avtale er signert. Grunneigarar har framleis eigeomsretten, og eit vern er ikkje til hinder for jakt, beite eller fiske, men hen avstår frå hogst og andre inngrep som til dømes nye vegar, kraftliner og drenering. Vi er veldig glade for den gode dialogen vi har hatt med grunneigarane på Svanøy, der grunneigarane avstår frå hogst og andre inngrep, som kanskje er i tråd med arealføremåla som per i dag er for ulike delområde. Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg. Det er eit samanfallande tidspunkt for Kinn kommune si rullering av kommunen sin arealplan og vårt arbeide med frivillig skogvern på Svanøy og vi ser at kommuneplanen kan bli oppdatert jf. grunneigarane og vårt arbeid med vern som naturreservat etter naturmangfaldlova.

Vi set pris på at Kinn er positiv til tiltaket/arbeidet med verneprosess på Svanøy. Vi legg stor vekt på dialogen med kommunen, og kjem gjerne til kommunen for å informere ytterlegare om vernet og kva det vil innebere. Dersom kommunen treng lengre høyringsperiode for å best mogeleg involvere politiske utval vil vi leggje til rette for det.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) kom med fleire innspel i sitt brev gjeldande Svanøy som framtidig naturreservat. Kandidatområdet omfattar gamle gruveopningar frå den tida det var gruveverksemd på Svanøy. Disse bør bli kartlagt, skriv DMF, då det kan vere at ikkje alle gruveopningar er registrert i DMF sitt aktsemdskart. Der det er gruveopningar og tilhøyrande anlegg risikerer menneskje og dyr liv og helse, og det må difor vere mogeleg å søkje om dispensasjon frå vernereglane for å sikre gruveanlegg for å unngå slik fare. Det kan og vere naudsynte miljøoppfølgingsiltak knytt til gamle gruver, men DMF er ikkje kjent med at det er aktuelt for Svanøy. DMF meiner at Statsforvaltaren bør undersøkje om dette kan vere ein aktuell problemstilling. Føresegn må tilpassast slik at naudsynt miljøoppfølging skal vere mogeleg.

Direktoratet for mineralforvaltning påpeiker i sitt innspel at det føreslegne verneområdet kan påverke ein førekomst av kopar, og at denne førekomsten er ikkje verdivurdert av Norges Geologiske Undersøkelse, NGU. Kopar er viktig som råvare, jf. Noregs mineralstrategi. Brevet understrekar at Statsforvaltaren må hente inn informasjon og sørgje for at det blir gjort ei vurdering av verdien til denne mineralressursen. Direktoratet skriv vidare at verneprosessen må vurdere omsyn til mineralressursen, til dømes ved å opne for dispensasjon for å kunne undersøkje førekomsten. Dersom omsynet til mineralressursen ikkje blir tilstrekkeleg vurdert vil Direktoratet for mineralforvaltning rå i frå vern av dei aktuelle områda på Svanøy.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi viser til omtale av gruveopningar og mineralutvinning under kapittelet Infrastruktur og mineralutnytting. Vi vil leggje inn ein dispensasjonsheimel i § 7 i verneforskrifta for å opne for sikring av potensielt farlege gruveopningar etter den historiske gruveverksemda.



Statsforvaltaren har ikkje ressursar eller kompetanse til å vurdere registreringa av kopar på Storåsen. Det er svært mangelfull informasjon tilgjengeleg i offentleg tilgjengelege databasar. Vi vurderer skogen i området som verdifull, og skogen i dette området utgjør også stor verdi for grunneigar, då det er mange kubikk storvaksen tømmer på Storåsen. I tillegg ønskjer vi å ta ut granbestanden i dette området på sikt, for slik å restaurere naturen og redusere spreinga av framande treslag i verdifulle naturområde. Vi vil gjerne ha ytterlegare informasjon frå Direktoratet for mineralforvaltning eller andre om denne førekomsten av kopar, og om det er ein reell verdi av eit strategisk viktig mineral på Storåsen eller om dette er ei litt tilfeldig registrering på eit teoretisk plan. Vi set Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) på mottakarlista for å høyre deira vurdering.

Fordi vi vurderer at det førebels ikkje er gode data eller sannsynleggjort at det er nasjonale mineralinteresser på Storåsen legg vi ikkje inn ein dispensasjonsheimel i verneforskrifta på noverande tidspunkt for å opne for prøvetaking av mineralressursar. Dersom det visar seg at det kan sannsynleggjerast tungtvegande mineralinteresser ønskjer vi, i høyringa, å vite om det er teoretiske mogelegheiter for eventuell underjordisk drift gjennom eksisterande eller nye gruveopningar utanfor vernegrensa, og som såleis ikkje nødvendigvis vil kunne truge naturmangfaldet innanfor verneområdet. Ein framtidig status som naturreservat vil gjere det vanskeleg å utvinne mineral eller bergartar innanfor vernegrensa. Verneføremålet sikrar ivaretaking av det biologiske og geologiske mangfaldet i mest mogeleg urørt tilstand.

#### Innspel og vidare framdrift

Det er ønskeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår. Der kan du sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

Frist for å kome med innspel er 15. februar 2024.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonssjef, naturmangfald

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Svanøya naturreservat - framlegg forskrift til høyring
- 2 Framlegg til vernekart for Svanøya naturreservat



Adresseliste:	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet			
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG



Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrenghsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboegs gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
STIFTELSEN SVANØY HUS	Biskop Svanes veg 71	6914	SVANØYBUKT
SVANØY BEITELAG	v/Rannveig Solheim Kvalstad	6914	SVANØYBUKT
SVANØY GRENDAUTVAL		6914	SVANØYBUKT
SVANØY HAVBRUK AS	Ole Torjussens veg 130	6914	SVANØYBUKT
SVANØY RØYKERI AS		6914	SVANØYBUKT
SVANØY SEGL INN AS	Biskop Svanes veg 1	6914	SVANØYBUKT
SVANØY STIFTELSE	Kvalstad Gård	6914	SVANØYBUKT



SVANØY TOMT OG ANLEGG AS		6914	SVANØYBUKT
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
FLORA CYKLEKLUBB	c/o Per Ståle Vågene Brandsøyvegen 93	6908	FLORØ
FLORA HISTORIELAG	c/o Reidar Andreas Brandsberg Hjortefaret 2	6907	FLORØ
FLORA JEGER & FISKERFORENING	Postboks 381	6902	FLORØ
FLORA KRIGSHISTORIELAG	Brendøyvegen 18	6906	FLORØ
FLORA POLITISTASJON	Strandavegen 13	6905	FLORØ
FLORA RØDE KORS	Nonskarvegen 1	6906	FLORØ
FLORA SKOGEIGARLAG	v/Anne-Karin Kleiven Rynning Klauvene	6913	FLORØ
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
LINJA AS AVD FLORØ Atle Asheim	Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
LINJA AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
TELENOR ASA AVD HOVEDKONTOR FORNEBU	Postboks 800	1331	FORNEBU
TELENOR COMMUNICATION II AS	Postboks 800	1331	FORNEBU